

Særemne 63 - 100 år med stemmerett

I 2013 er det hundre år sidan alle fekk stemmerett i Noreg. På Norsk Folkemuseum arbeider vi i desse dagar med ei utstilling som skal opne i høve jubileet. I 2010 sendte vi ut ei undersøking kalla "Foregangskvinner" i høve den same utstillinga, og no føl vi opp med nye tema.

Til denne utstillinga, og til NEG sitt arkiv, ønskjer vi å få inn erfaringar frå menn og kvinner rundt ulike tema knytt til kjønn. Korleis har forventningar og tankar, lovverk og endringar i tida, verka inn på dine val og handlingar? Har noko endra seg i di levetid?

Tida det tar å svare på undersøkinga varierer etter kor mykje du ønskjer å dele med oss. Skriv gjerne lange svar! Du må ikkje svare på alle spørsmåla. Hugs, det er dine erfaringar og opplevingar vi er på jakt etter!

Alle svar er anonyme og vil bli tatt vare på ved Norsk Folkemuseum kor vi held til. Ikkje nemn andre personar med namn når du skriv.

Skulle du ønskje å trekke tilbake svaret ditt, kan du når som helst be om at vi slettar det.

Har du spørsmål eller ønskjer legge ved bilde, avisartiklar, eller liknande, send meg ein e-post.

Med venleg helsing
Line Grønstad
Konservator i Norsk etnologisk gransking
line.gronstad@norskfolkemuseum.no

Om deg som svarer

For å kunne samanlikne svara treng vi å få vite litt om deg.

1. Kjønn

- Kvinne
 Mann

2. Kva år er du født?

3. Kva kommune bur du i?

4. Yrke/tittel/stilling (eventuelt før pensjon)?

Musikk

Historisk sett har nokre instrument og musikkjangrar blitt sett som meir akseptable for menn enn for kvinner. Til dømes var det få kvinner som spela hardingfele på 1800-talet. Tilsvarande er det ikkje mange kvinner som speler trommer i rockeband i dag. Forventningar om kven som lyttar til kva type musikkjangrar kan også ha samanheng

Særemne 63 - 100 år med stemmerett

med kjønn.

Har forventningar rundt kjønn påverka deg når det gjeld val av musikk? Det gjeld både om du spelar sjølv, og om du lyttar til musikk.

På kva måte?


Har det endra seg i di levetid? I så fall korleis, og når skjedde endringane?

Korleis har det vore for andre rundt deg, til dømes eldre generasjonar?

Kva meiner du er akseptable instrument og sjantrar for menn og kvinner å spele?

Du kan fritt bla fram og tilbake i undersøkinga.

5. Fortell!



Arbeid i heimen

Vi har i tidlegare undersøkingar spurt om kven som gjer kva i heimen ut frå kjønn. No lurar vi på erfaringar med at andre enn de som bur der vaskar, lagar mat, steller barn o.l..

Har du/har du hatt hushjelp, au pair, vaskehjelp eller liknande?

Kvifor?

Korleis opplever du det å ha nokon andre som gjer husarbeid i heimen din?

Er det menn eller kvinner?

Har du sjølv vore/er du hushjelp, au pair eller vaskehjelp for andre?

Kvifor?

Korleis opplever du det å gjere slike oppgåver i andre sin heim?

Har haldningane dine til denne typen stilling vore i endring?


I så fall, på kva vis? Kvifor?

Kan du tidfeste endringane omtrentleg?

Fortel gjerne ut frå eldre generasjonar også.

Du kan fritt bla fram og tilbake i undersøkinga.

6. Fortell!



Valfridom

I dag står både kvinner og menn fritt til å gjere egne val når det gjeld til dømes val av utdanning, yrke, økonomiske rettar og plikter i ekteskap/sambuarskap, og rett til deltaking i det politiske livet. Retten til å stemme for både kvinner og menn kom som kjent i 1913. Andre område der kvinner har fått same rettar som menn er til dømes lik arverett (1854), å behalde eige etternamn ved vigsel (1964), og odelsrett (1975). Likevel gjer mange kvinner og menn såkalla tradisjonelle val.

Har du gjort tradisjonelle eller utradisjonelle val på slike område?

Kva låg bak vala?

Korleis reagerer/reagerte omgjevnadane?

Fortel gjerne ut frå eldre generasjonar eller andre rundt deg også.

Du kan fritt bla fram og tilbake i undersøkinga.

7. Fortel!

Handverk, industri, handarbeid

Opp gjennom tidene har ulike former for produksjon av gjenstandar vore knytt til kjønn, både når det gjeld handverk, industriproduksjon og handarbeid.

Driv du med handverk/handarbeid?

Kva lagar du?

Kvifor velte du dette?

Har du, eller nokon rundt deg velt utradisjonelt? Korleis gjekk det til? Kva vart reaksjonane?

Opplever du at det er skilnad i kva menn og kvinner gjer av handverk og handarbeid?

Kva går i så fall skilnaden ut på?

Har dette påverka dine val av handverk/handarbeid?

Har dette endra seg det du kan minnst? Kva slags endringar har det vore? Kan du tidfeste endringane?

Har du arbeidd/arbeider du i industrien?


Kva gjorde/gjer du?

Hadde/har kjønn noko å seie for kva oppgåver du har gjort/gjer? I så fall, på kva måte?

Fortel gjerne om andre rundt deg og eldre generasjonar om du kjenner til det.

Du kan fritt bla fram og tilbake i undersøkinga.

8. Fortel!



Transport

Kvinner var tidlegare forventa å halde seg nær garden eller heimen, medan menn hadde større rørslefridom. Til dømes var det få kvinner samanlikna med menn som sykla på byrjinga av 1900-talet. På 1800-talet nytta kvinner eigen sal, der ein sat sidelengs på hesten. I dag har dei fleste kvinner og menn bilsertifikat. Likevel er bilen ofte mannen sitt ansvar.

Opplever du at det er skilnadar i korleis menn og kvinner reiser mellom plassar?
Kva går skilnadane i så fall ut på?

Kan du fortelje om eigne opplevingar rundt dette?
Har det endra seg i di levetid? I så fall på kva måte? Kan du tidfeste endringane?
Fortel gjerne om eldre generasjonar og andre rundt deg, om du kjenner til andre sine erfaringar.

Du kan fritt bla fram og tilbake i undersøkinga.

9. Fortel!



Dyr

For mange speler levande dyr ei viktig rolle i kvardagen, som husdyr, kjæledyr, til sportsaktivitetar og anna. Før traktoren kom, var arbeidshesten oftast del av mannen sitt domene på gardane. I dag er hest noko mange unge jenter drøymmer om eller held på med. Små "veskehundar" og jaktbikkjer blir gjerne assosiert med ulike kjønn.


Har du opplevingar med dyr og forventningar ut frå kjønn? Fortel! Kan du tidfeste opplevingane omtrentleg for oss?

Opplever du at det er skilnad i kva dyr som passar med det enkelte kjønn? Korleis då?

Har du merka endringar i di levetid rundt dyr og kjønn? Kva gjekk dei ut på? Kan du i så fall tidfeste dei? Kva med erfaringar frå andre rundt deg, til dømes eldre generasjonar?

Du kan fritt bla fram og tilbake i undersøkinga.

10. Fortel!




Til slutt

Spørsmåla her er tematisert etter utstillinga, og mykje er difor utelete. Dersom du har noko du vil legge til som ikkje er spurt om, tek vi med glede i mot det også.

Du kan fritt gå tilbake til spørsmåla om det er meir du vil legge til i svara du har komme med.

11. Har du andre refleksjonar rundt temaet eller noko du vil legge til?



Vil du skrive meir for oss seinere?

Vi vil gjerne ha fleire faste svararar, det vi kallar medarbeidarar, på våre spørjelister. Kunne du tenke deg å skrive for oss? Vi kjem ikkje til å bruke kontaktinformasjonen til noko anna enn å sende deg fleire spørjelister, omtrent fire i året. Vi vil heller ikkje lagre kontaktdetaljane dine saman med svara dine. Du treng ikkje svare på alle spørjelistene.

Alle vi har adressa til som svarer, er med i trekninga av flaxlodd og bøker. Utstillinga blir opna i mars 2013, og de vil også motta invitasjon til opninga.

Særemne 63 - 100 år med stemmerett

12. Kunne du tenke deg å motta flere spørrelister fra oss?

- Ja, eg vil gjerne bli fast medarbeidar.
- Nei, eg ville berre svare på denne undersøkinga.
- Eg er allereie medarbeidar, og fekk undersøkinga tilsendt på epost.

For deg som vil bli medarbeidar

13. Kva er adressa di?

Namn:

E-postadresse:

For deg som ikkje vil bli medarbeidar for oss

Her kan du legge igjen kontaktdetaljane dine om du vil vere med i trekninga av flaxlodd og bøker, men ikkje ønskjer å motta fleire spørjelister. Vi vil ikkje bruke adressa til noko anna enn trekninga og å sende deg invitasjon til utstillingsopninga.

14. Kontaktdetaljane dine:

Namn:

E-postadresse: